

## Respons

### **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

#### Problemstilling/spørsmål:

- Er det slik at kinesiske myndigheter forsøker å få korrupsjonen under kontroll, og at de har straffeforfulgt enkelte "store fisker", men at vinden ofte snur og at varsleren selv kan bli arrestert og anklaget – både de som melder fra om tradisjonell korrupsjon og de som rapporterer om større "skandaler", for eksempel journalister?
- Er det riktig at kinesiske myndigheter ikke er konsekvente i slike saker, og at det å melde fra til myndighetene innebærer en risiko for selv å bli anklaget? Eller kan man si at meldingssystemet som er forsøkt oppbygget sikrer varslerne?

#### **Bakgrunn**

Kina scorar 3,5 på Transparency International sin Corruption Perceptions Index for 2010. Det vil seie at dei ligg som nummer 78 av 178 land, der Danmark gjer det best med ein score på 9,3 (Transparency International 2010). Den kinesiske partistaten har dei seinare åra vore tydeleg på at kamp mot korrupsjon (også i eigne rekker) er ein prioritert jobb. Iblant vert høgt plasserte "storfiskar" tekne, til dømes vart direktøren for Chongqing Municipal Judicial Bureau henretta i fjor som ledd i det pågåande framstøtet mot korrupsjon i Chongqing (BBC 2010). Det er god grunn til å tru at forsøket på å slå ned på korrupsjonen er ektefølt og prioritert frå partistaten si side. Korrupsjon skader partiet sitt truverd, og er ei direkte eller indirekte årsak til mange av dei meir enn 100 000 demonstrasjonane (*mass incidents*) som finn stad rundt om i Kina kvart år.

Det er i hovudsak tre grunnar til at denne kampen ikkje har gitt særleg gode resultat til no: Det eine er at korrupsjon og nepotisme er etablert praksis – det er regelen snarare enn unntaket i Kina – og at langt dei fleste korrupte tenestemenn og -kvinner aldri vert tekne. Det andre er at det er sær viktig for partistaten at han sjølv held kontroll med korrupsjonsjakta. Styresmaktene er ikkje alltid glade for "hjelp" frå vanlege folk. Riktig nok er det oppretta såkalla "hotlines" som vanlege folk kan ringje til anonymt og melde frå om uregelmessigheiter (People's Daily 2009), men personar, til dømes journalistar, som tek til med gravande verksemd på eige initiativ, tar ein risiko, særleg om dei publiserer funna sine (Reporters Without Borders 2011). Partistaten vil framstå som sterk, handlekraftig og i full kontroll, og om partiet kjenner seg truga på desse områda, kan det setje i verk sanksjonar mot personen som står for "trugsmålet". Det tredje er at som så ofte elles, finn vi ein viss

#### Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

diskrepans mellom ordrar frå Beijing og gjennomføringa av desse lokalt i Kina sine mange provinsar og fylke. Dette heng gjerne saman med at politikk og næringsliv overlappar på lågare administrative nivå – byråkratane har næringsinteresser lokalt, og såleis sit dei på begge sider av bordet i en del høve.

### Reaksjonar mot varslarar

Asia Times (Wu 2009) rapporterer at kinesiske borgarar nøler med å tipse styresmaktene om offentlig korrupsjon, trass i eit aukande folkeleg sinne mot fenomenet. Artikkelen siterer ei undersøking frå China Youth Daily som fann at berre 40,1% av respondentane kjende seg forplikta til å rapportere korrupsjonsmistankar. 31% kjende seg ikkje forplikta. 36,4% av respondentane sa at dei ikkje trudde tipsa deira ville verte tekne seriøst, og så mange som 34,9% var redde for at rapporteringa kunne få fylgjer for dei personleg. I følgje Wu er frykt for gjengjeld ei alvorleg bekymring for varslarar. Statistikk frå øvste påtalemakta viser at mindre enn 500 vitne eller informantar i korrupsjonssaker vart drepne eller alvorleg skadd kvart år på 1990-talet, men at talet no ligg på rundt 1200 personar årleg (Wu 2009). Ettersom dette er offisiell statistikk frå ein statleg instans, er det grunn til å tru at desse tala viser til saker der gjerningspersonen var ein privat aktør, altså der det ikkje var staten som sto bak.

Human Rights Watch har rapportert at kinesiske styresmakter har “a record of targeting whistleblowers and expositors of official corruption” og at desse har vorte plassert i utanomrettsleg forvaring på mentalsjukehus (HRW 2009, s. 12). HRW si kjelde er Robin Munro, ein kjend ekspert på politisk psykiatri i Kina. Munro er også sitert i ein Guardian-artikkel (Branigan 2008) som omhandlar folk som vert sende til mentalsjukehus, og der seier han at dette meir og meir gjeld ”petitioners or whistleblowers exposing corruption”. Munro kallar dette ”ein fordekt måte å bringe folk til taushet på, utan ansvar (accountability) eller kontrollmekanismer. Personen forsvinn, og med han alt bevismateriale han måtte ha samla seg om offentlig tilsette” (Landinfo si omsetjing).” Dette gjeld nok likevel ganske få.

Committee to Protect Journalists si *2009 Prison Census* for Kina (CPJ 2009) inneheld 24 namngjevne journalistar, derav minst fire er fengsla med graving i korrupsjonssaker som eit av “brotswerka” sine. Reporters Without Borders (2011) opererer med 30 fengsla journalistar og 70 bloggarar. Det framgår ikkje i rapporten deira kor mange av desse fengslingane/pågripingane som skyldast korrupsjonsavsløringar, berre at rapportar om korrupsjon og nepotisme er ein av fleire grunnar.

Freedom House (2010) rapporterer at i dei seinare åra har lokale tenestepersonar stadig oftare tydd til ærekrenkingstiltaler for å pågripe og i nokre tilfelle fengsle varslarar (internett-aktivistar og bloggarar) som legg ut korrupsjonsskuldinger på nettet. Organisasjonen fortel at fleire saker der lokale tenestepersonar gjekk til sivile injuriersøksmål mot mediehus som hadde omtalt dei ugunstig eller som hadde avslørt korrupsjon, fekk stor merksemd i Kina i 2009.

HRW hevdar at dei kinesiske styresmaktene si forfølging av varslarar hindrar rettidig rapportering av saker som gjeld mat- og produkttryggleik og offentlig helse (HRW 2011a). Organisasjonen har tilrådd at den kinesiske staten vedtek ein “Whistleblowers Law” for å trygge at mistenkte, pågripne og advokatane deira kan melde inn klager utan frykt for reaksjonar frå tiltalte (HRW 2011b).

Det er vanskeleg å vurdere kor vanleg det er å hamne i vanskar etter å ha rapportert om korrupsjon i Kina. Risikoen vil avhenge av faktorar som din eigen posisjon, kontaktnettet (*guanxi*) du har tilgang til, samt posisjonen til den eller dei som skyldingane går ut over. Ein må heller ikkje gløyme at korrupsjon er eit vedvarande problem i det kinesiske rettssystemet.

### Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

På den andre sida er det viktig å hugse at det er 450 mill nettborgarar i Kina (Dawn.com 2011), og at mange av desse får luften både mistankar og frustrasjon på nettet utan å verte straffa for det. Sensuren grip like fullt ofte inn og sletter blogginnlegg eller brukarkontoar frå kinesiske nettstader (Millward 2011). Dawn.com fortel om ei nettside, [www.ibrbery.com](http://www.ibrbery.com), som vart starta av Chen Hong, eigar av eit nettbasert PR-konsulentbyrå. [www.ibrbery.com](http://www.ibrbery.com) fekk 200.000 unike vitjande i løpet av dei fyrste to vekene etter etableringa, men så trådde sensuren til og blokkerte sida innanfor Kina sine grenser. Chen vart uroleg for at han kunne hamne i trøbbel, og la ned nettstaden. Trass si korte levetid, fekk ibrbery.com fleire "etterkommarar" (mellom anna [www.522phone.com](http://www.522phone.com), [www.wohuixingle.info](http://www.wohuixingle.info) og antakeleg [www.tashouhuile.com](http://www.tashouhuile.com)), men også dei har no vorte stengde. Chen seier at han ikkje har vorte kontakta av styresmaktene, men at han sjølv har forsøkt å kontakte personane bak dei andre, liknande nettstadene. Dei har ikkje svart, eller dei har takka nei til å kommentere situasjonen (Dawn.com 2011).

## Oppsummering

Kinesiske styresmakter vektlegg nedkjemping av den omfattande korrupsjonen, men samstundes vil dei halde kontrollen med dette sjølv. Personar som "hjelper til" tar ein risiko. Både journalistar og andre typar varslarar har vorte gripne, fengsla og i nokre tilfelle plassert på mentalsjukehus. Kina har inga særskilt lov som vernar varslarar mot reaksjonar frå dei som vert skulda for korrupsjon. Samstundes finn ein "hotlines" og nettstader der folk kan melde inn korrupsjonsmistankar anonymt, men også desse må vere statleg styrde for å unngå sensur eller stenging. Risikoen for å hamne i vanskar avheng av den enkelte varslaren sin situasjon og posisjon, samt av saka sin natur. Mange bloggarar og vanlege folk som legg ut ting på nettet vert ikkje utsette for anna enn sensur, eventuelt blokkering frå den aktuelle nettstaden.

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining innhente og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet, Utlendingsnemnda og Justis- og politidepartementet kan ha behov for kunnskap om for å kunne løyse oppgåvene sine. Landinfo sine rapportar og temanotar er basert på opplysningar frå både offentlege og ikkje offentlege kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standarder. Kjelder som av ulike grunnar ikkje ønskjer å bli offentleggjort, er ikkje nemnd ved namn.

Ein respons er eit svar på konkrete spørsmål og problemstillingar som saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga har stilt Landinfo. Responsar er ikkje meint å vere utfyllande redegjeringar for eit tema eller eit spørsmål, men skal gi svar på dei konkrete spørsmåla som er stilt, og elles innehalde det som trengs av bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagt fram i responsane, kan ikkje tas til inntekt for eit bestemt syn på kva praksis bør vere i utlendingsforvaltninga si handsaming av søknader. Landinfo sine responsar er heller ikkje uttrykk for norske styresmakter sitt syn på dei tilhøva og landa som responsane omhandler.

## Referanser

- BBC (2010, 7. juli). China executes top Chongqing official for corruption. *BBC*. Tilgjengeleg frå <http://www.bbc.co.uk/news/10535226> [lasta ned 8. september 2011]
- Branigan, Tania (2008, 8. desember). Psychiatric treatment used to 'silence' Chinese critics. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <http://www.guardian.co.uk/world/2008/dec/08/china-forcible-psychiatric-treatment-silences-critics?INTCMP=SRCH> [lasta ned 8. september 2011]

## Respons **Kina: Korrupsjonsvarslarar**

- CPJ, dvs. Committee to Protect Journalists (2009, 1. desember). *2009 prison census*. New York: CPJ. Tilgjengeleg frå <http://www.cpj.org/imprisoned/2009.php> [lasta ned 9. september 2011]
- Dawn.com (2011, 23. juni). China restricts popular report-a-bribe websites. *Dawn.com*. Tilgjengeleg frå <http://www.dawn.com/2011/06/23/china-restricts-popular-report-a-bribe-websites.html> [lasta ned 12. september 2011]
- Freedom House (2010, 1. oktober). *Freedom of the Press 2010 – China*. Washington, DC: Freedom House. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/refworld/docid/4ca5cc645.html> [lasta ned 9. september 2011]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2009). “An alleyway in hell”. *China’s abusive “black jails”*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå [http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/china1109web\\_1.pdf](http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/china1109web_1.pdf) [lasta ned 9. september 2011]
- HRW (2011a, 6. mai). *US: Prioritize rights in China dialogue*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/news/2011/05/06/us-prioritize-rights-china-dialogue> [lasta ned 9. september 2011]
- HRW (2011b). *Promises unfulfilled. An assessment of China’s national human rights action plan*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå <http://www.hrw.org/sites/default/files/reports/china0111webwcover.pdf> [lasta ned 9. september 2011]
- Millward, S. (2011, 12. september). 8 ways that Sina Weibo will shut you up, or shut you down. *Penn-Olson*. Tilgjengeleg frå <http://www.penn-olson.com/2011/09/12/sina-weibo-deleted-banned-blocked/> [lasta ned 12. september 2011]
- People’s Daily (2009, 30. juni). Whistleblowers flood China's anti-corruption hotline. *People’s Daily*. Tilgjengeleg frå <http://english.peopledaily.com.cn/90001/90776/90785/6689783.html> [lasta ned 8. september 2011]
- Reporters Without Borders (2011). *China*. Paris: Reporters Without Borders. Tilgjengeleg frå <http://en.rsf.org/report-china,57.html> [lasta ned 12. september 2011]
- Transparency International (2010). *Corruption Perceptions Index 2010*. Berlin: Transparency International. Tilgjengeleg frå [http://www.transparency.org/policy\\_research/surveys\\_indices/cpi/2010/results](http://www.transparency.org/policy_research/surveys_indices/cpi/2010/results) [lasta ned 14. september 2011]
- Wu, Zhong (2009, 26. mars). Dark days for China's whistleblowers. *Asia Times*. Tilgjengeleg frå <http://www.atimes.com/atimes/China/KC26Ad01.html> [lasta ned 9. september 2011]

© Landinfo 2011

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av lovpåbåda i åndsverklova. Utan særskilt avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillatt når det er hjemla i lov.